

INFORMASJON

# HELG OG HEIM

KYRKJELYDSBLAD FOR FØRDE OG NAUSTDAL

NR. 3 SEPTEMBER 2023 81. ÅRGANG

*Ha ein fin haust*



DEN NORSKE KYRKJA  
Sunnfjord kyrkjelege fellesråd

#### FØRDE KYRKJEKONTOR

Kyrkjevegen 23F, 6809 Førde  
Tlf.: 57 82 81 80  
www.sunnfjordkyrkja.no  
sunnfjord@sunnfjordkyrkja.no

#### OPNINGSTID:

Måndag – fredag kl. 09 – 14.30  
Prost: Knut Magne Nesse  
Sokneprest: Ingvald Andersen Frøyen  
Prest: Carsten Langeland  
Diakon: Anita Øvreås Rusken  
Driftsleiar: Ingvar Vagstad  
Kyrkjeseekretær: Joy Taylor og Toril Øye  
Økonomileiar: Trond Herløund  
Kantor: Gro Gunnarson  
Kateket: Heidi V. Styve  
Kyrkjeværje: Sissel Vartdal  
Kyrkjelydspedagog: Ute Lindner og Gry Sætre

#### NAUSTDAL KYRKJEKONTOR

Kommunehuset,  
postboks 90, 6806 Naustdal  
Tlf.: 57 82 81 80  
sunnfjord@sunnfjordkyrkja.no

#### OPNINGSTID:

Tysdagar kl 9-15.  
Ta kontakt for anna avtaletidspunkt.

Sokneprest: Rigmor Frøyen  
Prest: Fredrik Bråttvik  
Arbeidsleiar: Ellinor Wergeland  
Kyrkjegardsarbeidar: Stig Ove Halbrend  
Kyrkjeseekretær: Sigrun Solheim Savland  
Kantor: Erlend Os  
Kyrkjelydspedagog: Jenny Ødven Snildal

#### FØRDE KYRKJE

Kyrkjetenar/Kyrkjegardsarbeidar:  
Terje Sæle

#### HOLSEN KYRKJE

Klokkar: Tor Arild Nydal Holsen  
Reinhald: Jorunn Holsen

#### HAUKEDALEN KYRKJE

Kyrkjetenar: Bodil Øvsthus Frøysland

#### NAUSTDAL KYRKJE

Klokkar: Jenny Ødven Snildal

#### VEVRING KYRKJE

Klokkar/kyrkjetenar:  
Mette-Elin Standal Sæther

#### FØRDE KYRKJETUN

Dagleg leiar: Ann Berit Steiro.

# Nytt frå redaksjonen

11. september var det kyrkjeval, og det er grunnen til at dette nummeret kjem seinare på hausten enn det som er vanlig. Vi ville få med namna på dei som skal sitje i sokneråda i Naustdal, Førde og Holsen og Haukedalen sokn. No skal dei konstituere seg og ta til med arbeidet med å styre lokalkyrkja. Lykke til med arbeidet!

I dette nummeret vil vi presentere ei gruppe medarbeidarar som ikkje har det med å stikke seg fram i media; kyrkjegardsarbeidarane. Dei er unnnverlege, og vi har lyst til å takke dei for jobben dei gjer med å halde gravplassane og uteområda fine og innbydande for alle besøkande. Desse områda er fredelege grøne

lunger der alle er velkomne, om ein har ei grav å gå til eller ikkje.

Det er fleire som gjer arbeid i kulissane for at gudstenester, konsertar og andre tilstellingar skal gå knirkefritt. I bladet kan du bli kjend med Mette-Elin Sæther som er klokkar og kyrkjetenar i Vevring. Les og bli inspirert!

Vi håper du får med deg det som skjer i kyrkjene i haust: «Song i hausten» i Holsen kyrkje, Haustkonsert i Førde kyrkje, temasamlingar og bibelundervisning, gudstenester og kveldsmesser. Det hender vi ikkje får med alt i bladet, så stikk gjerne innom kyrkjekontora og forhøyr deg om det som skjer!

## HUGS BLADPENGANE!

**OBS!** Fekk du nytta giroen i førre nummer til å betale bladpengar? Sidan blad nr. 2 kom rett før ferietida, var det tydelegvis mange som gløymte det. Vi har fått inn mykje mindre bladpengar enn budsjettet, og kan få problem med å dekke utgiftene til trykking og distribusjon. Det er ikkje for seint å betale!

*Helsing bladstyret*

## HELG OG HEIM

Ansvarleg utgjevar av **Helg og Heim** er sokneråda i Førde, Naustdal og Holsen og Haukedalen. Bladet går til alle husstandar i tidlegare Førde og Naustdal kommunar.

#### Redaksjon:

Jenny Snildal, Annbjørg E. Hesselberg og Hanne Schnitler

Stoff og bilete kan sendast til:

- hanne.schnitler@eninvest.net
- jenny.snildal@gmail.com
- annbjorg.hesselberg@gmail.com

#### Grafisk utforming:

Firda Tidend Grafisk, Sandane

#### Trykk:

Printfarm, Øvre Årdal

**Frivillig bladkontingent  
kr. 290,-**

#### Bankkonto:

**3705.15.33896**

Merk innbetaling med «Helg og Heim».

#### VIPPS:

Vippsnr. **591 431**

«Helg og Heim kyrkjelydsblad»

#### Skal du flytte?

Du kan abonnere på Helg og Heim. Kontakt Joy Taylor på Førde kyrkjekontor

## Utgjevingsplan 2023

Nr. 4. Stoffrist:

Onsdag 25. oktober.

I posten veke 48

(Det kan komme endringar.)



**Framsdebilde:** Haustfargar i hagen. Foto: Mette-Elin Sæther

# Nytt om namn



Stig Ove Halbrend i gong med plenklipping på vakre Fredlund kyrkjegard i Naustdal. Foto: Ingvar Vagstad

Tekst: SISSEL VARTDAI,  
kyrkjeverje Sunnfjord

**Stig Ove Halbrend** (42) er tilsett som kyrkjegardsarbeidar knytt til kyrkjegardane i Naustdal, han byrja i jobben i juni. Halbrend er godt kjent med dette arbeidet frå før, han kom frå stillinga som helsefagarbeidar i Sunnfjord aktivitetseining der han har vore ak-

tivitetsleiar for deltakarar på Blomreina gravplass. Der hadde han ansvar for både opning og lukking av graver samt slått og vedlikehald av gravplassen.

**Andrine Haugen Lundekvam** (20) er tilsett i eit års-vikariat som kyrkjelydsarbeidar. Ho skal vere ein ressurs i trusopplæringsarbeidet både i Jølster, Gaular og i Naust-

dal. Lundekvam har erfaring som frivillig medarbeidar innan barne- og ungdomsarbeid i kyrkja, ho er styremedlem i Deciding og medlem i trusopplæringsutvalet i Førde og Holsen/Haukedalen.

Vi har ein nyttilsett til; det er **Isak Aasland**. Han går no inn i kyrkjetenar-teamet i Førde kyrkje og vil bli å sjå som

kyrkjetenar ved gudstenester framover. Den andre i teamet er Magnus Haugsvær medan Ann Berit Steiro er den tredje i teamet. Det er og ho som koordinerer dei samla kyrkjetenar-ressursane i Førde kyrkje.

Vi ønskjer både Stig Ove, Andrine og Isak varmt velkommen i arbeidsfellesskapet!



## Førde kyrkjjetun

har lokale som høver dei fleste arrangement:

- Selskap, konfirmasjon, barnedåp og bryllaup
- Barneselskap og årsmøledagar
- Minnesamvær
- Årsmøte, kurs/konferansar osv.

Ta kontakt for bestilling eller tilbod:

Tlf. 99 15 13 07 eller [ann.berit.steiro@sunnfjordkyrkja.no](mailto:ann.berit.steiro@sunnfjordkyrkja.no)



## Lokale til leige på Naustdal kyrkjelydshus

Har du ein dag som skal feirast? Fyller du rundt år, eller er det barnedåp eller konfirmasjon i familien?

Kyrkjelydshuset i Naustdal har fleire lokale til leige.

Vi leiger også ut til ulike organisasjonar, m.a. til årsmøte.

Kontakttelefon 99 27 99 55.

E-post: [kyrkjelydshusetnaustdal@gmail.com](mailto:kyrkjelydshusetnaustdal@gmail.com)



## TIL ETTERTANKE

RAGNHILD JEPSEN, biskop i Bjørgvin

Det er ikkje alltid så lett å seie kva som skal bli ein bra dag, eller kva som ved dagens slutt var med å gjere den god eller dårleg.

Men mi erfaring er denne: Dei vanlege dagane er som regel dei beste.

Og det er bra – for det er dei det er flest av; dei vanlege dagane. Og det vanlege livet. Når vi sit ved kjøkenbordet med kaffikoppen. Når vi får gjere arbeidsoppgåvene våre. Når vi er omgjevne at det som er kjent og heimleg.

Det er kanskje lett å tenke at livet vårt skulle vore meir spennande; meir glamorøst, at det skulle ha større variasjon i seg.

Men kanskje skulle vi bli flinkare til å verdsetje det vanlege livet?

Det kan vere høgdepunkt i livet vårt som gjer at vi tenker: Gjev alle dagane hadde vore som denne! Men viss det var slik, hadde vi ikkje då vorte metta på ein måte?

Så er det dei mellom oss som vil seie: Det er altfor mange av dei vanlege dagane. Dagar som sniglar seg av garde. Dagar som så alt for godt let oss kjenne einsemd, rutine; smerte, at vi saknar nokon.

Eg trur vi må leite etter det som kan gje dei vanlege da-

gane verdi og meining, også dagane som ikkje er så lette og gode. Vi må leite etter – og finne - det som er lagt ned i oss av guddomleg kjærleik; eit gudsnærvær i livet vårt.

Vi må sjå etter spor av godhet, og finne det i oss og omkring oss som viser at vi er verdifulle der vi er; i det vi er sett til.

Eg trur at livet vårt har ei meining og at når vi går ut av tida, har vi sett eit fotavtrykk etter oss på jorda.

Kvar dag i veka er det menneske som kjem til kyrkjene våre, - til det heilage rommet - med sine liv. Med ulike historier og grunnar til å kome. Nokre av dei med takksemd og glede; nokre med sår og tap, og nokre med von om at vi kan finne saman i gudsteneste og bøn. Ein skulle ikkje alltid tru at vi har noko til felles. Men det har vi! Vi blir tekne i mot og møtt av ein som står med utstrekke armar og seier:

*Uansett kvifor du kjem, eller kva slags borer du kjem med: Du er venta. Du er velkommen. Dagen din skal fyllast med nåde!*




Foto: LAILA NYDAL

TEMA: ARBEIDET PÅ KYRKJEGARDANE

# Når livet er slutt, - og livet går vidare

Alle menneske vil på eit eller anna tidspunkt måtte forholde seg til døden. For døden er jo ein del av livet. Likevel er det slik at mange av oss ynskjer å halde alt som har med døden å gjere på avstand fordi det er krevjande, vondt og kanskje også ukjent landskap.

Tekst og bilde: INGVALD ANDERSEN FRØYEN, sokneprest i Førde

Midt i Førde og midt i Naustdal ligg det kyrkjegardar og gravplassar. Gravminna står på rekke og rad, og nesten kvar veke ser ein at det vert opna nye graver. Kvar einaste dag er det nokon som er innom ein av kyrkjegardane for å sjå til eit gravminne. Nokon set seg ned på ein benk og kjenner på sagn, men også på takksemnd. Graver vert stelte. Lys vert tende.



Så er det nokon tilsette som syter for at graset vert slått så det skal vere fint. Gravplassane våre er små grøne lunger og parker i nærmiljøa våre, og vi har alle nokon vi kjenner som er gravlagde der.

Ved livets slutt samlast vi for å ta avskjed med den som er død, anten dette mennesket har levd kort eller lenge. Ja til og med dei minste, som knapt har fått tid til å få eit namn, har sitt gravminne.

Når vi samlast slik ved livets slutt, er vi med på å understreke at eit menneskeliv er verdfullt. Vi får sjå at vi ikkje er åleine i sorga og saknet etter den avdøde.

Vi vert minna på håpet vi eig i den kristne trua vår, men også på den krafta som ligg i fellesskapet med andre menneske i ei vanskeleg tid.



Illustrasjonsfoto.

Død og gravferd er motsetningsfullt, for kvar gong eit liv tek slutt, så går likevel livet vidare for oss andre. Gravferdsrituala våre og gravplassane våre er difor viktige, både for dei døde og for dei levande.

I kyrkja er det ein del arbeidarar som sjeldan er framme i søkelyset, men som kvar einaste dag gjer det dei kan for at det skal vere stelt, nyklipt eller brøyta på gravplassane.

Dei opnar nye graver, og grev att etter ei gravferd. Dei har ansvar for å setje ned urner og for å sjå til vanleg vedlikehald på bygg og anlegg kring kyrkjer og gravplassar. Kyrkjegardsarbeidarane, kyrkjetenarane og driftsleiaren i Sunnfjord kyrkjelege fellelsråd.

Vi er takksame for den jobben dei gjer og difor vil vi gjerne at de skal få sjå kven dei er, og gjerne gje dei eit oppmuntrande ord i kvardagen, om de skulle møtast ute i bygda eller på gravplassen.



Illustrasjonsfoto.

## TEMA: ARBEIDET PÅ KYRKJEGARDANE



Helge Årdal (t.v.), Terje Sæle og Ole Høgelid tek seg ei pause saman på Blomreina gravplass i Førde. Helge Årdal har ansvaret for kyrkjegardane i Jølster, dei to andre for gravplassane i Gaular og Førde.

## Dei gjer arbeidet på kyrkjegardane



Oddbjørn Steinsund – ein trufast kar på kyrkegarden i Førde.

Du har sikkert sett eller høyrte dei når dei køyrer motorgrasklippar på dei store grøntområda på kyrkjegardane rundt om. Men kva gjer egentleg ein kyrkjegardsarbeidar?

Tekst: HANNE SCHNITLER og INGVAR VAGSTAD  
Foto: INGVAR VAGSTAD

Helge Årdal er opptatt av at kyrkjegardane skal vere gode stadar å komme til. Han er fagarbeidar/kyrkjegardsarbeidar med ansvar for kyrkjegardane i Jølster, og i tillegg er han kyrkjetenar. Han fortel at han har hatt dette arbeidet i 12 år.

– Eg søkte denne jobben fordi eg har interesse for arbeidsfeltet og arbeidet passar meg bra. Det er noko som ligg i meg. Eg visste at eg ville søke jobben då den vart ledig. Som bonde har eg hatt hagearbeid som rekreasjon. Jobben kunne dessutan kombinerast med arbeidet på garden.

– Kva trivst du best med i arbeidet ditt?

– Eg likar å forme utearealet og stelle med grøntarealet. Det er eit variert arbeid og det er tilfredsstillande å skape noko som folk set pris på. Gravplassen skal stå fram som ein verdig og god stad for ro og ettertanke.

– Helge er ein estetikar, seier leiaren hans, driftsleiar Ingvar Vagstad.

Vi spør Helge om han får respons på arbeidet sitt. – Ja det gjer eg. Folk er veldig taknemlege og gir gode tilbakemeldingar. Det gjer meg stolt og glad over jobben. Men det er vanskeleg å rekke over alt eg ser skulle vore gjort i sommarhalvåret. Eg må prioritere. Det gjeld maling og anna vedlikehald i tillegg til klipping.

Han har og eit ynskje: – Om vinteren ynskjer eg meg eit oppvarma rom til fiksing og reparasjonar av diverse ting.

– Er det eit einsamt arbeid?

– Nei, eg føler ikkje på det. Eg møter fleire no enn då eg var heiltidsbonde. Folk er flinke å stelle på gravene og kan ha spørsmål rundt det. Eg ynskjer å møte folk i sorg og lytte til det dei opplever. Det er viktig å ta seg tid, særleg der det har skjedd brå dødsfall.

Ingvar Vagstad fortel at kyrkjegardsarbeidarane har ansvar for kvar sine gravplassar, men fungerer likevel som eit team og hjelper kvarandre når det trengs. Dei skal halde grøntområda i god stand, dei skal gjere ei grav klart til gravferd og lukke grava i etterkant. Då kjem dei gjerne i kontakt med dei pårørande, sjølv om dei ikkje har oppgåver under gravferda. Fleire av kyrkjegardsarbeidarane er og kyrkjjetenarar. Då kan dei ha oppgåver både under gudstenester og gravferder.

Det er ikkje alltid så enkelt å grave ei grav. Det er mykje jord som skal flyttast, óg med maskinelt utstyr kan det vere ei utfordring å komme til der det er trengt mellom gravene. Så skal ein ta omsyn til gravminna rundt. Eit dilemma er at nokre gonger må jorda leggest oppå grava ved sidan av. Dei gjer så godt dei kan, både med gravinga, og med å halde det fint på heile området. Og det er store område dei skal halde orden på.

### Eit himmelrom

Blomreina gravplass på Vie i Førde er den største gravplassen i Sunnfjord, eit område på om lag 45 daa. Den sto ferdig i 2004, og i 2013 blei prosjektet tildelt Førde kommunes byggeskikkpris.

I grunngevinga frå juryen står det: «Val av areal til denne gravplassen er gjort med omtanke. Eit fantastisk utgangspunkt som arkitekt og byggherre har vidareført til ei perle av ein gravplass. Vegetasjonen og den naturleg opphøgde reina er i varetekte på ein måte som gjer at ein kjem inn i eit landskapsrom som andar av fred og ro. Staden er naturleg skjerma frå omgjevnadane, men utforma slik at det samstundes kjennest fritt og luftig å vere her. Eit himmelrom.»



Ole Høgelid t.v. har ansvaret for gravplassane i Gaular og Terje Sele.

### Samarbeid med Førde ressurscenter

Eit så stort område som Blomreina krev meir ressursar, og her har Sunnfjord kyrkjelege fellesråd eit unikt samarbeid med Førde ressurscenter – FøRs.

– Gisle Ask er tilsett i kommunen, men vi kjøper tenestene, seier kyrkjeverje Sissel Vartdal. – Han planlegg arbeidet for brukarane frå FøRs. Dei får utføre ei verdifull teneste, og dette arbeidet blir sett pris på!

Sissel nemner og sommarvikarane. Utan hjelp til plenklipping om somrane ville vi ikkje makta å halde ein tilfreds-

stillande standard på kyrkjegardane våre. Samuel Desta Hailu er ein av dei som tok til som sesonghjelp. Han trivdes godt med arbeidet, og fekk fortsette som ekstrahjelp med vedlikehald på kyrkjegarden i Naustdal.

Kyrkjegardane er viktige grøntanlegg for alle, enten ein har ei grav å gå til, eller berre vil opphalde seg på eit fredfullt uteområde.



## FAKTA

- Sunnfjord kommune har 14 kyrkjegardar
- I 2022 var det gjennomført 156 gravferder i kommunen.
- Gravplassvedtekte for kyrkjegardane i Sunnfjord er tilgjengelege digitalt, ein kan og få dei på kyrkjekontora.

Grava er privat og eigd av festar, det er samstundes ein arbeidsplass og alt arbeid på kyrkjegarden skal skje skånsamt og verdig.

Det er starta ein dialog med kommunen om behovet for eit nytt livssynsøytralt seremonirom på Blomreina. Etablering av krematorium i regionen er og tema mellom kyrkjeleg fellesråd og kommunen.

Nye reglar gjer det mogleg med symbolsk flytting av grav. I realiteten er dette namneflytting der det fysiske gravminnet vert sletta og namn overført til eit anna eksisterande gravminne på ein annan gravplass.

Sissel Vartdal, kyrkjeverje



Samuel Desta Hailu jobbar på kyrkjegarden i Naustdal.

# «Uansett korleis dagane dine er, så har du alltid fem ting å takke for!»

Bli kjend med klokkar og kyrkjetenar Mette-Elin Sæther!

Tekst: ANNBJØRG E. HESSELBERG

Bilete: METTE-ELIN STANDAL SÆTHER

og ANNBJØRG E. HESSELBERG

Det er søndag morgon, og det er preike-søndag i Vevring kyrkje. I ein heim på Apneset er det full aktivitet, for Mette-Elin Sæther tek ikkje sjansen på at blomane til alteret skal setjast saman laurdag, og kanskje visne før dei skal gjere kyrkja vakker – til glede for kyrkjegjengarane og til Guds ære. Om sommaren blomar frå eigen hage.

Ho har laga seg lister over det ho skal ha med og over det som skal gjerast før folket kjem. For det skal ikkje hende oftare at eg set klokkene i gang til feil tid, som den eine gongen det vart ringt klokka ti, medan gudstenesta den dagen skulle vere klokka to, fortel ho med eit smil.

Mette-Elin er no elles ein rutinert kyrkjetenar og klokkar, for før Vevring hadde ho teneste i Stavang kyrkje nokre år. Ho beskriv det som ei glede å gjere i stand til gudsteneste: Frå ho set opp varmen via telefon-appen kvelden før - til ho ringer med klokkene, henger opp salmenummer, pyntar alteret, lagar kaffi til kyrkjekaffien. Ho førebur seg også på oppgåvene i gudstenesta: Gjer seg kjend med tekstane ho skal lese, syter for at kunnjingane Jenny har sendt, ligg klar. Er det dåp og nattverd, steller ho i stand dåpsvatn og brød og vin. Nokre gonger assisterer ho også ved nattverden.

Har du tenkt på kven som syter for at det alltid er reine og velstelte dukar og andre tekstilar i kyrkja? I Vevring er det Mette-Elin sin jobb, etterkvart ekspert på



Alteret i Vevring kyrkje med plettfri duk og blomar frå hagen.

flekkjerning. Ho røper med det same at handarbeid i mange slags teknikkar vert til mellom hendene hennar, med like stor sans for det vakre som blomane på alteret viser. Skapande og aktiv, tenkjer eg vi seier!

Mette-Elin er glad i kyrkja, sjølv om ho kan hugse gudstenester i barndom-



men som var lange å komme gjennom. Foreldra meinte at kyrkjegang hørde til, og saman med kristendoms-undervisninga gjorde dette at ho kan seie: «Trua mi er på nynorsk» - endå ho har halde på austlandsmålet ho hadde med seg då ho sju år gammal kom vestover saman med familien. Lærer-faren overtok heimegarden, og det vart bygt opp gartneri – som Mette-Elin sjølv tok over og dreiv i fleire år. No har ho glede av sin eigen hage, som ho steller med fagkunnskap. Ikkje rart at det alltid er fine blomar på alteret i Vevring-kyrkja!

– *Kva andre impulsar har du fått gjennom livet, som har forma trua di?*

Mette-Elin fortel om erfaringar med forkynning som kunne gjere ei ung jente utrygg på om ho var god nok for Gud. Ho valde å ikkje møte opp der oftare. Men ho har også fått med seg ei motvekt – og kan no seie: «Det er jo Jesus som ordnar opp for oss!» Særleg er ho glad for tida ho fekk i Deciding, Ten Sing-koret i Førde. Der var det plass for alle!

– *Stillinga di i kyrkja er ikkje ein heil-tidsjobb, så kva gjer du ellers?*

Mette-Elin: Det er nok av interesser og hobbyar til å fylle livet, men eg har også ei yrkesutdanning. Etter ein del år som assistent i barnehage, der eg følte at pedagogane ikkje heilt verdsette folk utan formell utdanning, tok eg grep. Det vart kunnjort desentralisert førskolelærer-utdanning i Førde, treårig pensum fordelt på fire år, kombinert med jobb – og eg melde meg. Det vart krevande med studium, jobb og gardsdrift, men det gjorde godt å fullføre! Så dei siste ti åra har eg jobba i barnehage som pedagog.

– *Du har mykje på tapetet, og så har du også familie?*

Ja, saman med Frank har eg tre døtre, og så ein son – som vi mista på tragisk vis.

– Eg likar dårleg når folk grafsar i andre si ulykke og spekulerer vilt når dei



*Mette-Elin Sæther, klokkar og kyrkjetenar i Vevring. Foto Annbjørg E. Hesselberg.*

høyrer om sjølv-mord. Det var eit grusomt slag, og sorga og dei vonde kjenslene kan framleis løyse tårer. Men i familien kan vi heldigvis glede oss saman over alt det fine og dei artige replikkane frå Vidar. Og

så held eg fast på det kristne håpet, seier Mette-Elin.

Eg såg det ikkje då det var på det svar-taste, men no tek eg ofte fram nokre kloke ord frå ei preike eg høyrde: Uansett kor-

leis dagane dine er, så har du alltid fem ting å takke for!



Diakon Anita Rusken (til venstre) saman med nokre av gjestene på 10-kaffien, Jenny Brede, Jenny Kusslid, Orlaug Åsnes Høiseth, Einfrid Fonn, Helga Kjosnes og Anne-Margrethe Dårflot.

## Bli med på 10-kaffien!

Kvar onsdag formiddag står nysteikte vaflar og nytrekt kaffi på menyen på 10-kaffien på Førde kyrkjetun. Kom å bli med!

Tekst og bilde: HANNE SCHNITLER

Det er diakon Anita Rusken som kjem med invitasjonen. Her er det nemleg plass til fleir!

– Kom innom og få deg ein vaffel og ein kopp kaffi og ta deg ein prat med nokre av dei trufaste kvinnene og mennene som er faste gjester. Her er mykje livserfaring samla, og mange gode historier å høyre, seier ho. – Og ein vaffel og ein kopp kaffi kostar berre kr. 20,-!

Det er og høve til å melde seg som frivillig vaffelsteikar. Helga Kjosnes har vore med som frivillig lenge. Ho trivst med oppgåva og tar seg tid til å sette seg ned med damene som nettopp har fått servering.

10-kaffien er eit samarbeid mellom Friskliv og frivilligsenteret i Sunnfjord og Førde kyrkje.



MALER RUNE  
**SKILBREI**  
MALING · TAPET · GOLVBELEGG · FLISER

Følg oss!

fb.me/malerskilbrei  
skilbreibutikken

Skal du bygge heilt nytt, eller fornye litt?  
Vi har utvalet! **Velkommen innom Skilbreibutikken i Naustdal!**



Tlf. 57 82 07 22 | [www.bellisblomst.no](http://www.bellisblomst.no)  
ALTI, Førde

# Kyrkjevalet 2023



Her er resultatet av val til sokneråd i Naustdal, Førde og Holsen og Haukedalen sokn.

Dei nye råda skal no konstituere seg og velje representantar til m.a. Sunnfjord kyrkjelege fellesråd og til ulike utval.

## Resultatet av valet til bispedømmeråd:

Valet av dei kyrkjeleg tilsette er kjent, men kven som kjem inn frå Nominasjonslista, Frimodig kirke, Bønnelista eller Åpen folkekirke er ikkje klart i skrivande stund.

## Val av kyrkjeleg tilsett til Bjørgvin bispedømmeråd:

Rita Eldholm f. 1972, soknediakon

## Varamedlemer:

Sissel Vartdal f. 1968, kyrkjeverje  
Solveig Gravem Angelskår f. 1980, dagleg leiari og sekretær

## Val av prest:

Kjersti Gautestad Norheim f. 1974, sokneprest

## Varamedlemer:

Arne Mulen f. 1969, spesialprest  
Kjersti Brakestad Boge f. 1973, sokneprest

## Kyrkjevalet 2023

### Naustdal sokneråd:

1.	Jetvard Kalland	1952
2.	Harald Sørheim	1950
3.	Mona Solheim	1973
4.	Veronica Standal	1969
5.	Orlaug Liv Hove	1945
6.	Stein Torald Vonen	1967
7.	Åse Mari Haugnes	1973
8.	Gudmund Eimhjellen	1970

#### Varamedlemer:

9.	Hege Merete Smådal	1978
10.	Marit Grete Våge Apneseth	1956
11.	Else Karin Monsen	1952
12.	Arvid Åsebø	1956
13.	Veronica Tansø	1978

## Kyrkjevalet 2023

### Holsen og Haukedalen sokneråd:

1.	Bodil Øvsthus Frøysland	1972	Haukedalen
2.	Gunn Alise Heimestøl	1965	Holsen
3.	Nils Asbjørn Gjerland	1947	Haukedalen
4.	Laila Marie Nydal	1964	Holsen
5.	Øystein Holsen	1977	Holsen
6.	Anne Berit Holsen	1964	Holsen

#### Varamedlemer:

7.	Gert Runar Rørvik	1970	Haukedalen
8.	Bertel-Eivind Flaten	1960	Holsen
9.	Anne Grethe Steinfeld	1970	Haukedalen
10.	Karin Øverli Grøneng	1968	Haukedalen
11.	Gro Reiersgard	1972	Holsen

## Kyrkjevalet 2023

### Førde sokneråd:

1.	Bjørn-Harald Haugsvær	1965
2.	Ingeborg Watne Flatland	1979
3.	Miriam Lund-Førde	1985
4.	Hanne Bildøy	1970
5.	Eirik Dahl	1961
6.	Sølvi Urnes	1969
7.	Sissel Viddal Laache	1960
8.	Marte Westvik	1984

#### Varamedlemer:

9.	Cathrin Hjelle Søvde	1979
10.	Hallvard A. Møgster	1947
11.	Ragnhild Kjøde Nes	1980
12.	Siri Brændmo	1950
13.	Ole Johnny Warvik	1956

Gode tilbud på flis, beleggingsstein, ferdigplen, støttemur, kvit singel. Vi kan flislegging!

**Boligkompaniet**...

www.boligkompaniet.com  
tlf. 906 19 654

**Astrid  
Blomster**

Elvetorget, Førde  
Tlf. 57 82 17 05  
astrid.blomster@interflora.no

# På Himmelbrua

På «Himmelbrua», eller Skywalken mellom handelshusa i Førde, er det høve til å ta ein prat og ein kopp kaffi når «Kyrkja i Byen» riggar seg til med stolar og bod, kaffi og Twist.

Tekst og bilde: HANNE SCHNITLER

Tilsette og frivillige frå kyrkjene i Sunnfjord utgjer «Kyrkja i Byen». Dei delar på å vere tilgjengelege for ein prat ein gong i veka.

Denne torsdagen er det eit nytt fjes å sjå: Ragnhild Stav, diakon i Gaular, har blitt med i teamet. Ho kjenner mange av dei som er på handletur i Førde. Aud Lunde, som har flytta frå Gaular til Førde, stoppar opp ved standen. Ho set seg ned og tar gjerne ein kopp kaffi og ein prat.

Denne dagen er òg Inger Cesilie Fitje med. Ho har vore tilsett som diakon i Førde, og var med å få i gang Home Start, eit tilbod for familiar. Inger Cesilie jobbar no i Sunnfjord kommune, men held fram med å vere koordinator for Home Start. Ragnhild Stav er med i styret for Home Start, som kyrkja sin representant. No spør dei Aud Lunde og andre forbipasserande om dei kan tenkje seg å gi noko av tida si til ein småbarnsfamilie som treng eit pusterom og ein ekstra hand. Dei skal få god opplæring og rettleiing undervegs. Aud må tenkje seg om, men kanskje det kan vere ein passeleg oppgåve for ein samfunnsengasjert og utåtvend pensjonist?



Aud Lunde (til venstre) får ein kopp kaffi og ein prat med Ragnhild Stav.

– Kva er Home Start, Inger Cesilie og Ragnhild?

– Home-Start Familiekontakten er eit frivillig tilbod til småbarnsfamiliar som opplever ulike utfordringar i kvardagen. Hjelpa blir ytt av frivillige familiekontaktar som kjem på besøk til familien ein gong i veka, 2-4 timar kvar gong i ein periode på om lag 6 månader. Tilbodet er gratis og er eit supplement til det offentlege hjelpeapparatet. Home-Start Familiekontakten Sunnfjord er lokalisert på helsestasjonen i Førde, og Sunnfjord kommune har ansvar for drifta. Kyrkja i Sunnfjord og Helse Førde er samarbeidspartar.

– Home-Start Familiekontakten er inspirert av det afrikanske ordtaket «It takes a village to raise a child» – vi vil gjerne vere ein del av denne landsbyen!

Og no vil Inger Cesilie og Ragnhild gjerne ha fleire med på laget.

**Kyrkja i Byen** starta opp som eit prosjekt i Førde kyr-

kjelyd i 2012. Målet var at kyrkja skulle vere synleg tilstades der folk er. Skape ein møteplass i Førde sentrum, tilby kontakt og samtale, vere tilgjengeleg, og kunne informere om kva som skjer i kyrkja. Kyrkja i Byen hadde og ein visjon om å skape ein møteplass for ungdom i sentrum, og tilsette ein «Sentrumsdiakon». Dette vart det ikkje midlar

til. Men no har Sunnfjord kyrkjelege fellestråd lyst ut stilling som Ungdomsdiakon, så får vi sjå kva som skjer.

Bygudsteneste i Førde sentrum, «Vismannsvandring» i adventstida, samarbeid med vidaregåande skular og ungdomstilbodet på «Løa» vart starta opp, og på «Himmelbrua» har Kyrkja i Byen halde på i meir enn 10 år. Der har blitt mange kaffikoppar og mange gode samtalar.

Ikkje alle sunnfjordingar er komfortable med å sitje på utstilling og vente på at nokon tar imot invitasjonen til ein prat. Det er kanskje ikkje den beste staden for å dele det som er vanskeleg i livet, eller ha dei djupe samtalan om tru og tvil. Men dei tilsette i kyrkjene våre kan tilby samtale om du treng det.

No har Ragnhild fått prøve seg på Kyrkja i byen, og vil nok bli å sjå der fleire gonger. Slå deg gjerne ned neste gong du ser ho eller ein annan som tilbyr kaffi og prat på Himmelbrua!



Inger Cesilie Fitje spør etter frivillige til Home Start.

# Gudstenester i det fri

Søndag 16. juli var det stølsmesse på Reinstølen i Haukedalen, og 6. august stølsmesse på Nordalen i Holsen.

## På Reinstølen

Tekst og foto: BODIL ØVSTHUS FRØYSLAND

Søndag 16. juli var det stølsmesse på Reinstølen i Haukedalen. Prost Knut Magne Nesse var prest og Oddmund Frøysland hadde med trekkspilet sitt slik at me fekk musikk til salmane. Dei to siste åra har stølsmessa regna vekk, så i år var det kjekt at om lag 35 personar endeleg kunne samlast til stølsmesse på Reinstølen i godt vær. Etter gudstenesta hadde Nils Gjerland eit tilbakeblikk om stølar og stølsdrift i farne tider. Deretter var det tid for mat-pause, og grunneigar Else og Erna diska opp med svele, lappar, kaffi og saft som smaka fortreffelig i tillegg til nista.



*Prost Knut Magne Nesse held preike på stølsmessa i Haukedalen.*



*Vakre Nordalen i Holsen.*

## På Nordalen i Holsen


Tekst og bilde: LAILA NYDAL

Søndagens tekst var «Jesus kallar Levi», og Anita Rusken heldt preike over denne teksten. Oddvar Rusken spela kornett til salmane. Vi var 27 personar som var samla på stølsvollen utanfor Indre Skorpeselet.

Ein av salmane vi sang var «Så grønn en drakt», der første vers er slik:

*Så grønn en drakt,  
så rik en duft har smykket dal og enger!  
Nå strykes ømt av lys og luft  
de fagre urtesenger.  
Hør lundens sus og bekkens brus  
forkynne hva som kommer:  
Omsider blir det sommer!*

Etter gudstenesta las Gunn Heimestøl utdrag frå boka Stølane i Førde som omhandla Nordalen. Så tok vi fram nista, kaffi og te og i tillegg fekk vi natronkake og lappar som Jorunn og Gunn hadde laga. Været var oversky og opphald, og først når vi skulle heimover kom det nokre regndrøpar.



# Trusopplæring

For oppdatert informasjon: sjå heimesida <https://kirken.no/sunnfjord> eller last ned appen MinMenighetsportal.

## STØRST AV ALT

### Trusopplæring i Førde sokn:

#### 0 – 1 ÅR:

#### Spiren/Babysong

Kvar onsdag kl. 11.00 i 2. etg. på Førde Kyrkjetun. Spiren er for barn 0 - 1 år, men eldre barn kan også delta. Ta gjerne med matpakke! Vi serverer te/kaffi.

#### 1 – 3 ÅR:

#### Krøllesamling

Song og formidling frå kl. 17.30 på Førde Kyrkjetun.

- Onsdag 4. oktober
- Onsdag 18. oktober
- Onsdag 25. oktober
- Onsdag 1. november



#### 11 – 12 ÅR:

#### Lys Vaken

Barna som fyller 11 og 12 år i år får invitasjon til å overnatte i kyrkja.

- 1. – 2. desember

Påmelding på nettside:

<https://minkirkeside.no/Sunnfjord>

### «Familiesøndag» – eit tilbod for heile familien!

Vi inviterer heile familien til Hallo Venn. Om de ynskjer så kan de kome utkledd. Vi har leikar, aktivitetar og servering av mat.

- Søndag 29. oktober kl. 16.00 på Førde Kyrkjetun

Følg med på Førde kyrkje si facebookside.

### Korskulen i Førde

Korskulen har tre kor, og alle øver i Førde kyrkje kvar tysdag:

**Knøttekor** ca. 3,5 år til ca. 5 år:

Kl. 17.20 – 18.00

**Aspirantkor** ca. 6 år – 2. klasse:

Kl. 18.05 – 18.50

**Jentekor** 3. – 6. klasse:

Kl. 18.55 – 20.00

Har du lyst å bli med? Ta kontakt med dirigent Gro Gunnarson:

gro.gunnarson@sunnfjordkyrkja.no, eller sjekk Facebooksida «Korskulen i Førde kyrkje».

Kontingent per semester: kr. 200.

### Konsert med

#### «Naboen min»

Torsdag 5. oktober skal Korskulen i Førde kyrkje, Naustdal barnekor og Jølster barnegospel syngje på konsert i Førdehuset saman med Bergensbandet «Naboen min». Det blir stas!

Vi skal syngje: «Male dagen blå», «Rockesock», «Gyli, gyli, gong gong» og mange fleire gøye songar. Håpar du vil komme og høyre på oss! **VELKOMMEN!**

Billettar til konserten kjøper du på Førdehuset.

### Barn med utviklingshemming i kyrkja

Kven er du og kvifor kjem du (ikkje)? Eit seminar for foreldre til barn med utviklingshemming, for tilsette i kyrkja som arbeider med barn og unge, og frivillige.

**Torsdag 5. oktober kl. 18.00 på Førde Kyrkjetun**

Påmelding: [www.normisjon.no/sof](http://www.normisjon.no/sof)

Dette seminaret vil ta for seg tilrettelegging i kyrkja for barn med utviklingshemming. Kvifor er det så få som deltek i kyrkja sine aktivitetar? Erfaringsdeling og samtale.

På seminaret møter du: Inge Nordhaug – klinisk psykolog i barne- og ungdomspsykiatri, Gunn Karoline Fugle – musikkterapeut og forfattar, Sverre Johan Nærheim – rådgjevar trusopplæring og misjon, Gry Sætre – kyrkjelydspedagog, og Jostein Bildøy – regionleiar i Normisjon.

Arr.: Sunnfjord kyrkjelege fellelsråd, Bjørgvin bispedømme og Normisjon.

### Trusopplæring i Naustdal sokn:

#### Spiren

– Babysong på Naustdal kyrkjelydshus.

Eit tilbod for born i alderen 0 – 1 år saman med foreldre.

Datoar for hausten:

18. oktober,

1. 15. og 29. november.



### For deg som fyller 10 år:

#### NAUSTDAL OG VEVRING:

13. november kl. 18.00: Dåpsfest.

Vi feirar at det er ca. 10 år sidan du vart døypt.

20. november kl. 14.45:

Bibelknask. Vi skal både ete og leike og så ser vi litt på kva som står i Bibelen. Invitasjon kjem i posten.

19. november kl. 11.00:

Familiegudsteneste i Naustdal kyrkje: Utdeling av Bibelbok.

19. november kl. 14.00:

Familiegudsteneste i Vevring kyrkje med utdeling av bøker.

Kyrkjemiddag etter gudstenesta.

### Lys vaken i Naustdal kyrkje:

Du som er 11 år skal få vere med å utforske kyrkja. Dato er ikkje bestemt enno. Invitasjon kjem i posten.

# 1-2-3 dagar i Naustdal og Vakuumveke i Førde

Veka før skulestart var det tilbod om mange kjekke aktivitetar for 1. – 4. – klassingar, inne og ute, både i Naustdal og i Førde. Her er nokre glimt:



*Deltakarane heldt flott konsert i Førde kyrkje siste dagen i Vakuumveka. Foto Gry Sætre*



*Gøy å bygge tårn. Foto Gry Sætre*



*På veg til å padle kano. Foto Gry Sætre*



*Kanopadling i Løken. Foto Gry Sætre*



*1-2-3 dagar i Naustdal. Foto Arne Kleiva*



*1-2-3 songgruppe. Foto Arne Kleiva*

# DET SKJER

## 10-kaffi på Førde kyrkjetun

Ein uformell samlingsplass for kaffi og drøs, kvar onsdag frå kl. 10.00 i ungdomslokalet på Førde kyrkjetun. 10-kaffien er eit samarbeid mellom Friskliv- og frivilligsenteret i Sunnfjord og Førde kyrkje.

## Førde kyrkjekor

har øving i Førde kyrkje onsdagar kl. 19.00. Koret har plass til fleire! Ta kontakt med dirigent Gro Gunnarson om du vil vere med.

## Kyrkja i byen



Kvar torsdag frå kl. 13.30 – 15.30, sit ein person frå Førde eller Gaular sokn på Skywalken mellom handelshusa i Førde, klar til ein prat. Velkomen!

## Strikketreff

Annankvar måndag kl. 11.00 – 14.00 på Førde kyrkjetun

Ta med eit handarbeid, eller bli med å strikke lappar for «Ull og omtanke – Sunnfjord». Ta gjerne med matpakke, så er vi lunsj i lag.

- 2., 16. og 30. oktober,
- 13. og 27. november,
- 11. desember.

## Haustkonsert

17. oktober kl. 18.00 i Førde kyrkje med alle kora i kyrkjelyden:

Knøttekoret, aspirantkoret, jentekoret, Deciding og Førde kyrkjekor.

Denne konserten har høg sjarmfaktor og blir feiande flott. Velkommen til både store og små!

Konserten er gratis, men høve til å gi ei gåve til korarbeidet ved utgangen.

## Song i hausten

2. november kl. 17.00 i Holsen kyrkje



## Vegen vidare - temasamlingar og Bibelundervisning for vaksne

Fire torsdagar i haust kan du delta på samlingar om fordjuping i den kristne trua.

**Datoar: Torsdag 19. oktober, 2., 16. og 30. november frå kl. 19.00 – 20.30.**

Samlingane er på Førde kyrkjetun, leia av sokneprest Ingvald Frøyen.

I gudstenestene er det ikkje mykje rom for dei lange tankane og for samtale og

spørsmål. Desse samlingane vil gje rom for dette.

Tema for samlingane: «Eg og Gud», «Eg og dei andre», «Gleda» og «Felleskapet». Innleiing til tema og innføring i sentrale Bibeltekstar, samtale i grupper og oppsummering. Enkel servering.

Dette tiltaket starta opp i 2022 med «Song for sommaren» i juni og «Song i hausten» i november, begge gonger i Holsen kyrkje. I juni i år hadde me «Song mot sommaren» i Haukedalen kyrkje.

Dette er samlingar der Gro Gunnarson har med seg songarar, musikarar og eit variert og kjekt program. Det kan og bli verbale innslag (diktlesing) og allsong. Etter konserten er det enkel bevertning. Samlingane er populære og har samla ca. 50 personar kvar gong. Soknerådet ynskjer å ha dette som fast arrangement i juni og november, med veksling mellom dei to kyrkjene.

Velkommen til Haustsong i Holsen kyrkje i november!

## Misjonsmesse og inspirasjonsdag for NMS Sunnfjord

**Laurdag 4. november kl. 12.00 – 17.00 på Førde Kyrkjetun**

Familieprogram kl. 13.00 Misjons-samling kl. 15.30

Open kafé heile dagen med gode saker! Åresalg, lykkehjul og sal av heimelaga varer.

Dagen skal inspirere til innsats for NMS og kyrkja sitt verdsvide arbeid.

## Besøkenesta i Førde sokn

Har du tid og lyst til å vere med å ha ei meningsfull oppgåve? Nokre personar er allereie med i besøkenesta i Førde, men det er plass til fleire. Diakon Anita Øvreås Rusken har ansvaret for tilbodet. Dei som er nye får rettleiing, informasjon om teieplikt, skriftleg avtale og tilbod om oppfølging. Anita er med på det første heimebesøket.

Dagens talar og inspirator er Landy Robenhariziva Bakke, forkynnar i NMS.

Vakker fløytespel ved Keiko Matsui Lie.

## Økumenisk bønensamling

**9. november kl. 19.00 i Førde kyrkje**

Bønensamling for alle kristne trussamfunn i Sunnfjord kommune. Vi ber for verda og for vårt eige lokalsamfunn. Uformell møteplass der vi kan treffe andre vi deler trua med.

## Konsert

Stille natt hellige natt

**29. november kl. 21.00 i Førde kyrkje**

  
**FARGERIKE**  
 NOREGS LEIANDE FARGE- OG INTERIØRBUKSE  
**Førde Fargehandel %s**  
 TLF. 57 82 99 50  
 DIN LEVERANDØR AV MÅLARVARER

  
**Naustdal**  
 Dampbakeri

KVALITET  
 GJENNOM  
 GENERASJONAR

 57 72 41 40  
 dampbakeriet.no

*Reiakvam*

- Din fotograf i Førde sidan 1946

57 82 19 77 / foto@reiakvam.no  
 reiakvam.no

ALT I  SPORTSKLEDE  
 SPORTSUTSTYR  
 BARNEUTSTYR

Erdal Sport  
  
 Førde

**Frivillig i kyrkja?**  
 Det er behov for frivillige i kyrkjelydane til små og store oppgåver. Kan du tenkje deg å gje litt av tida di?  
*Kontakt kyrkjekontora.*



**Din nye bustad finn du hos oss!**  
 Vi fornyar kjøkken, bad og garderober! Kom gjerne innom oss på Halbrendssøyra!  
[www.gravdal.no](http://www.gravdal.no) - tlf. 47 87 40 00

 **Gravdal**gruppa  
 Førde - Bergen

*Gravminne  
 finn du hos oss*



**FAGMILJØ**

Firdavegen 20, 6800 Førde, tlf. 57 72 10 60

**Spesialist på gamle klokker, veggur, lommeur og armbandsur**

Har klokka di høg personleg verdi - er den kanskje eit uerstatteleg arvestykke? Treng den ettersyn - reparasjon eller restaurering?

Urmakarverkstad i Førde med ekspertise og lang erfaring på reparasjonar av alle typar ur. Henting og levering etter avtale om ønskjeleg. Gratis, fast prisoverslag. 6 års garanti på overhaling av veggur.



**Roger Pettersen A/S**  
 OFFENTLEG GODKJEND URMAKAR  
 6810 Førde - tlf. 907 32 380

**HELLENES**  
 AUTOMATION - ELECTRICAL - MECHANICAL



  
**EXTRA**  
 NAUSTDAL

  
**Best**  
 NAUSTDAL

# GUDSTENESTER

Her er liste over planlagte gudstenester. Det kan bli endringar!

Følg med i Firda og [www.sunnfjordkyrkja.no](http://www.sunnfjordkyrkja.no), eller kontakt kyrkjekontoret.

## SØNDAG 1. OKTOBER

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste

## TORS DAG 5. OKTOBER

Førde kyrkje 19.00 Kvardagsmesse

## SØNDAG 8. OKTOBER

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste  
Holsen kyrkje 15.00 Gudsteneste  
Naustdal kyrkje 11.00 Gudsteneste med  
50-årskonfirmantjubi-  
leum  
Vevring kyrkje 15.00 Gudsteneste

## SØNDAG 15. OKTOBER

Førde kyrkje 19.00 Gudsteneste

## SØNDAG 22. OKTOBER

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste  
Haukedalen kyrkje 15.00 Gudsteneste  
Naustdal kyrkje 11.00 Familiegudsteneste

## SØNDAG 29. OKTOBER

### BOTS- OG BEDEDAG

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste  
Holsen kyrkje 15.00 Gudsteneste

## SØNDAG 5. NOVEMBER

### HELGEMESSE

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste  
med besøk frå Det Norske Misjonsselskap.  
Landy Bakke frå Madagaskar held preike.

## SØNDAG 5. NOVEMBER

### HELGEMESSE

Førde kyrkje 16.00 Minnegudsteneste  
Vevring kyrkje 11.00 Minnegudsteneste  
Naustdal kyrkje 14.00 Minnegudsteneste

## SØNDAG 12. NOVEMBER

Førde kyrkje 11.00 Familiegudsteneste  
Haukedalen kyrkje 15.00 Gudsteneste

## SØNDAG 19. NOVEMBER

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste  
Førde kyrkje 19.00 Ung messe  
Naustdal kyrkje 11.00 Familiegudsteneste  
Vevring kyrkje 14.00 Familiegudsteneste

## SØNDAG 26. NOVEMBER

### SISTE SØNDAG I KYRKJEÅRET

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste  
Instedalen skule 14.00 Gudsteneste og kafé  
Holsen kyrkje 15.00 Gudsteneste  
Naustdal kyrkje 17.00 Gudsteneste

## SØNDAG 3. DESEMBER

### 1. SØNDAG I ADVENT

Førde kyrkje 11.00 Familiegudsteneste.  
Speidarane deltek.  
Naustdal kyrkje 19.00 Lysmesse

## Kyrkjeskys Førde kyrkje hausten 2023

### Treng du skys til gudsteneste?

Ring telefonnummera på lista ned-  
anfor.

For meir informasjon kan du ta  
kontakt med kyrkjekontoret mån-  
dag-fredag kl. 09.00-15.00: Tlf. 57  
82 81 80. Kyrkjeskysen er gratis.

### 1. OKTOBER

Per Ingolf Nygård tlf. 91819561

### 8. OKTOBER

Gunnar Johannessen tlf. 91727191

### 15. OKTOBER KL. 19.00!

Ingvild og Harald Eikenes  
tlf. 99365322/91388644

### 22. OKTOBER

Oddbjørg Espeset tlf. 90593295

### 29. OKTOBER

Per Ingolf Nygård tlf. 91819561

### 3. DESEMBER

Gunnar Johannessen tlf. 91727191

Kan du tenkje deg å stille som sjå-  
før? Ta kontakt med diakon Anita  
Øvreås Rusken, tlf: 900 68 514

# RIKKE

Langebruv. 26 (v/Domus)  
Førde  
Tlf. 472 56 398  
eller 578 21 340

KUNSTNARMATERIELL  
INNRAMMING  
BILDE



arnes  
frisørhjørne

Timebestilling  
Drop-in

Tlf. 57 82 62 35  
Langebruvegen 19  
6800 Førde



## Velkomen til oss!

Elvevegen 1, Førde  
(ved Kunstmuseet)

Aller dagar  
utanom torsdag . . . . . 11-15  
Torsdag . . . . . 11-17

Tlf. 404 33 220

MILJØ MØTEPlass MISJON



ARKI  
ARKITEKTAR

Hafstadgården  
Fjellvegen 11, 6800 Førde  
Nettside: arki.no

## DØYPTE

### FØRDE KYRKJE

28. MAI

Henrik Holme Eide

Døpt i Bygstad kyrkje

Elias Sellevold Norbom

Sofia Akse Erle

Ida Sellevold Syversen

Aria Lykkebø Vraalsen

3. JUNI

Iben Skarstein Einen

4. JUNI

Olav Helmen Danielsen

*Døpt i Helgheim kyrkje*

11. JUNI

Ava Pernille Walaker

18. JUNI

Henrik Holvik

Ella Hauståker Flatjord

Lucas Frøystad Ytredal

Leo Haug Støylen

Isak Reite

25. JUNI

Ole Erdal Sunde

Selma Hauge Vie

Oskar Årdal Røyrvik

25. JUNI

Elina Skaim Indrelid

*Døpt i Vangen kyrkje*

9. JULI

Håkon Kvellestad-Sellevold

23. JULI

Noreen Elizabeth

Cortez Hånes

Ulrik Dale

30. JULI

*på Sunnfjord Museum*

Alma Holsen Hegrenes

Frida Johanne

Solberg-Vintermyr

6. AUGUST

Mina Brede Nøstdal

Nikolai Lerheim Aasen

Håkon Oppedal Mowatt

Liva Levy Solvik

13. AUGUST

Sara Sætre Knutsen

Brage Juliussen Valaker

Mathias Kyte Stokka

*Døpt i Lura kyrkje*

19. AUGUST

Atlas Amadeus

Hjortaset Hjønnvåg

Herman Emil Kilen Bremer

20. AUGUST

Oda Varøystrand Fluge

Vetle Gustavsen Nydal

Vårin Bratten-Grøtnebø

Aiyana Nitter-Gulhaugen

*Døpt i Svelgen kapell*

27. AUGUST

Tomine Eikelid

Døpt i Hyllestad kyrkje

### NAUSTDAL KYRKJE

2. JULI

Selma Stegen

Adam Aven Sæterlid

Emine Kaland Døskeland


20. AUGUST

Lilly Aase Kvamme

### VEVRING KYRKJE

25. JUNI

Aksel Fonn Horne



## VIGDE

### FØRDE KYRKJE

27. MAI

Reidun Erika Valen og

Sander Falkenstein

Tonje Leknes Førde og

Andreas Førde

10. JUNI

Sigrid Laache og

Magnus Jarl Midtvoll

1. JULI

Ingrid Beate Steinsland Ringstad og

Stian Gustafsson

19. AUGUST

Ida Johanne Vallestad og

Øyvind Aasen

### NAUSTDAL KYRKJE

24. JUNI

Solrun Fauske og

Johnny Petter Kjøde

12. AUGUST

Silje Marie Gjengedal og

Ricardo Sebastian Vergara

## GRAVFERD

### FØRDE KYRKJE

26.05 Ivar Bjarne Fossen

f. 1934

26.05 Thor Eriksen

f. 1937

13.06 Eva Betten

f. 1941

20.06 Tordis Marthea

Opseth Wallevik

f. 1938

21.06 Aslaug Engetrøen

f. 1931

22.06 Solveig Margit Haugen

f. 1928

12.07 Anna Ramstad

f. 1937

12.07 Erna Solveig Sørbø

f. 1942

14.07 Wilhelm Edvard Sandal

f. 1944

01.08 Hermann Rasmus Fauske

f. 1937

04.08 Eirik Holsen

f. 1980

10.08 Cato René Kvammen

f. 1977

11.08 Oddfrid Hagen Nedrebø

f. 1939

### HAUKEDALEN KYRKJE

16.06 Astrid Jenny Årskaug

f. 1924

18.07 Solveig Myren

f. 1928

### HOLSEN KYRKJE

27.06 Norvald Artur Fleten

f. 1939

### NAUSTDAL KYRKJE

31.05 Renate Therese Eiksund

f. 1978

18.08 Aud Jonassen

f. 1935

01.09 Sigmund Jostein Svøen

f. 1928

### VEVRING KYRKJE

29.05 Mary Grytten

f. 1932

## Minnegudstenester i Naustdal og Vevring

Gjennom mange år har vi hatt dei årlege minnegudstenestene på nyåret i Naustdal og Vevring. Desse gudstenestene er no flytta til 5.november, som er Helgemesse-sundag. Vi les opp namn, tenner lys og minnst dei vi har hatt gravferd/bisetjing for i 2023. Alle pårørande vil få invitasjon i posten.

Det er viktig å minne om at alle erfarer sorg og saknad. Vi ynskjer at denne gudsteneesta skal famne sorg, også den sorga som ligg der med saknad gjennom fleire år. Helgemesse er og ein dag for håp, difor har vi kvit farge i kyrkja på Helgemesse. Begge stader vert det lagt til rette for kyrkjekaffi og tid til å stogge igjen for dei som ynskjer det.

## Gudsteneeste i Instedalen

26. november kl. 14.00 feirar vi gudsteneeste i Instedalen. Etter gudsteneesta arrangerer Instedalen krins kafé og dei vil og ha eit lite loddsal til inntekt for krinsen.

*Velkomen til ein triveleg ettermiddag.*



**Returadresse**  
Førde kyrkjekontor  
Kyrkjevegen 23F  
6809 FØRDE

# Likar du dataspel?

- Eg held på med eit nytt prosjekt, sa kantor Erlend entusiastisk for ei tid tilbake.
- Eg skal arrangere tre konsertar. Kan du ikkje intervju meg til Helg og Heim? - Jau, det må vel late seg gjere, meinte underteikna.

Tekst: Jenny Ødven Snildal

Kantor i Naustdal, Erlend Os, har fleire lidenskapar enn å spele på tangentar. Men det handlar om å spele, nemleg brettspel og dataspel. Og kvifor ikkje kombinere fleire lidenskapar?

Vi finn passande tid for intervjuet og Erlend tek regien frå første stund.

– Har du høyrte om Fantasy VI?

Han tenkte vel at det hadde eg ikkje så utan å vente på svar fortset han:

– Det er eit japansk dataspel frå 1994, på Super Nintendo, fortel Erlend med auge som lyser av iver.

– Spelet handlar om det gode i kamp mot det vonde i ei middelalderinspirert fanta-

siverd med magi og fantastiske vesen. Ei scene i spelet føregår i eit operahus. Ei av heltinnene må utgje seg for å vere operasjonsgarinne, og vi hamnar midt i ei operaframvisning. Erlend snakkar både på innpust og utpust.

– I Japan har musikk frå videospel høg status, og når symfoniorkesteret speler slik musikk strømer publikum til konsertlokala. I vår del av verda er det også aukande interesse. Dette er musikk der både datanerdar og finkulturelle kan glede seg over den same musikken, ler Erlend.

– Min visjon er å dele denne flotte musikken med publikum og aktørane, spreie entusiasme rundt musikk frå dataspel, og å vise fram kyrkjeorgel som fleksibelt konsertinstrument, avsluttar Erlend.



Erlend Os.

## Det vert tre konsertar med musikk frå Fantasy VI:

- Førde kyrkje: 30. september kl. 18.00.  
Elevar frå Solvang deltek.
- Helgheim kyrkje: 2. oktober kl. 19.00.
- Naustdal kyrkje: 4. oktober kl. 19.00.  
Naustdal kyrkjekor deltek.



## FAKTA

**FINAL FANTASY VI** er eit japansk rollespel (JRPG) utgitt av spillselskapet Square i 1994, på Super Nintendo. Musikken kan minne om klassisk, romantisk opera. Komponisten Nobuo Uematsu har laga musikken, og musikken har bidratt til at dette spelet har fått høg status og lojale fans. Spelet har blitt utgitt på nytt fleire gonger og på ulike plattformer, nyleg i utgåva Pixel Remastered (2023) på steam (PC) og PS4.

Musikken kan minne om klassisk/romantisk opera. Eit ikonisk musikkstykk frå spelet er stykket «Dancing Mad», som er musikken vi høyrer når vi slåst mot ein gal mann som er villig til å øydelegge verda for å få makt. Dette stykket høyrer delvis ut som eit musikkstykk for kyrkjeorgel, delvis som eit klassisk requiem, og delvis som ein progrock-låt.

## FAKTA

**NOBUO UEMATSU** er ein japansk videospelmusikk-komponist og muskar, best kjent for aleine å ha lagd musikken til Final Fantasy-spelserien i ei lang årrekke. Først med Final Fantasy 10 involverte han andre komponistar i produksjonen. Han er ein av dei mest kjente og respekterte komponistane innan videospel. Uematsu er sjølvært muskar. Han lærte å spele piano da han var elleve eller tolv år gamal, med Elton John som sitt største forbilde.